



Renathe Kleppe
Furumarka 13 B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3427 - 21/30368

Saksbehandlar:
Christine Erichsen
christine.erichsen@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/610 Alver

Tiltak: dobbel garasje
Byggjestad: Gbnr: 137/610
Tiltakshavar: Renathe Kleppe
Ansvarleg søkjar: Renathe Kleppe

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.04.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysningar gjeve i nabovarsel er ikkje vedlagt søknaden. Det er difor uklart for kommunen om dispensasjonen er nabovarsla. Opplysningar gjeve i nabovarsel må sendast inn.
2. Eigar av gbnr 137/75 som grensar til tiltaket er ikkje nabovarsla. Heimelshavar kan med fordel nabovarslast.
3. Fullmakt som fylgjer søknaden stadfestar at medeigar av tomta ikkje har merknader til bygging av garasje. Fullmakten kan med fordel inneholde ei formulering knytt til at naudsynte dispensasjonar også kan søkjast. Vi ber om at du som tiltakshavar gjere ei vurdering på dette.
4. Det er søkt om dispensasjon. I gjeldande reguleringsplan kjem det fram under § 11 at garasjer skal blant anna tilpassast i høve til bustadhus og grannehus slik at ein oppnår god arketektonisk utforming. I reguleringsplanen er det i § 12 satt ei grense for at garasjer skal ha ei maksimal grunnflate på 40 m². Dispensasjonssøknaden må såleis innehalde ein arketeknosik vurdering av tiltaket sett i lys av § 11 og krava i § 12. Dette er også litt av momenta i § 7 som du allereie har vist til. Sjå vedlegg for meir informasjon om søknad om dispensasjon. Vi minner om at det ikkje er formkrav/skjema til søknad om dispensasjon.

5. Kommunen stadfestar at vi har motteke nytt situasjonskart. Situasjonskartet må også syne avstand til andre bygg på eigedommen, vegmidte og f.eks. VA-anlegg og ledninger. Dersom det går kraftlinje forbi der du ynskjer å plassera tiltaket, må du sjølv avklare dette med eigar.

Dersom dykk har spørsmål til mangelbrevet, ta gjerne kontakt med Are Frøysland Grande tlf. 56 37 50 00.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **05.07.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Christine Erichsen
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon

Mottakarar:

Renathe Kleppe
Renathe Kleppe

Furumarka 13 B
Furumarka 13 B

5911 ALVERSUND
5911 ALVERSUND